



Thor Inge Døsland, tubaist i Uskedal Musikklag, henta fram toradaren frå 1980 talet.

Påskan har sine rike og varierte tradisjonar, religiøst, kulturelt og familiært. Koronaviruset i år har gjort at mykje vart annleis. Den stille veka vart svært roleg for mange med lite og ikkje reising, ikkje på hytta enn i sin eigen kommune, ikkje på tur med bubilen, mest ikkje båtreise og ikkje påskebesøk, sjølv ikkje til naboen eller i slekta. Kva gjer ein då for å halda oppe eit sosialt behov ?

Uskedalen.no har prøvd å ta pulsen på bygda med restriksjonar på den eine sida og stor fridom til å gjera mykje kreativt på den andre sida. Fantasien og kreativiteten har vore stor, noko som kjem til uttrykk på mange og varierte måtar.




[Trollrota i Kleivadalen fekk stor merksemd.](#)

- Turar i skog og mark går som før, ja, for mange meir enn nokon gong. På tur i Kleivadalen møter vi på troll, ugler og dei tre bukkane Bruse i eit rot i lia. Mange ville sjå plassen og fann vegen fram til rota og ein benk laga på plassen.



Bamsejakt for heile familien, ein ide henta frå Mosjøen. Her er bamsen på plass på Døssland.

- Kva med å gå på bamsejakt i Uskedalen ? Mange nytta seg av oppmodinga til Isabell Stensletten om å finna og telja bamsar utstilte i vindaugo, ein ide henta frå Mosjøen.



Koronakonserten i Beinavikjo var ein sosialt og kulturelt tiltak i Sameiga Uskedalen Brygge.

- Livesendingar er i skotet. Thor Inge Døssland kan meir enn å vera tubaist i Uskedal Musikklag. Han fann fram toradaren sin frå 1980 talet og laga minikonsert på nettet. Vel 50 stk. var inne og såg sendinga. Arena var på terrassen mellom vind- og regnbyger påskedag. Konserten har til no hatt nærare 900 visningar. Minikonserten ligg tilgjengeleg på facebook-sida til Døssland. Å spela toradar kan vera krevjande. Ut- og inndrag på spelet gjer at tonen går opp eller ned eit halvt tonesteg.
- Koronakonserten i Beinavikjo vart ikkje filma, men hendinga på Facebook fekk mange hundre likes og kommentarar. Lokalavisa Kvinnheringen har merka seg dette stuntet og lagt det ut med nettet.
- Påsken var ikkje avlyst i kyrkja. Folk kunne rett nok ikkje koma i kyrkja. Då måtte kyrkja koma til folket. Av mange filma gudstenester på nettet 1. påskedag, var gudstenesta i Kvinnherad kyrkje ei av dei betre med høgtidsliturgi, god preike og musikalske innslag. Svein Rimestad og Kristian Bringedal frå Uskedalen var med i korgruppa på galleriet.



Lembinga høyrer ofte påsken til for mange i bondestanden.

- Å klemma eit tre er nytt for mange. Vi kjenner ikkje bakgrunnen, men mange let seg fotografera i det ein held rundt ei trestamme.



Grilling og famliekos er eit fast påskeinnslag hos familien Sæle/Kårstad.

- Familietradisjonane vart noko reduserte i år, men familien Kårstad/Sæle gjennomførte påsketradisjonen med rebus, eventyrstund og grilling på Flåtene i Eikedalen. Ein familieaktivitet er brettspel og puslespel, som er meir populært enn på lenge.
- Lembing høyrer påsken til, for mange Vårens vakraste eventyr. Takk for god informasjon frå Kjærland Gard og frå Møyfrid Kristoffersen på søre Musland.

Takk til alle som har sendt oss tips i påskehelga.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frode Sæbøe/ Kristian Bringedal/Vårdal Elmedia/ Ann Irene Sæle/Anbjørn Høivik



Vårdal Elmedia med Øddbjørn Kloster, Roy Vaulen og Karl Petter Vårdal filma og hadde teknisk ansvar for den filma gudstenesta på nettet 1. påskedag.